

## Referat fra telefonstyremøte søndag 10. juni 2012

Tilstede: Pål Kjorstad, Tobias Stubrud, Håkon Gjelstad, Alf Ouren, Anna Ulmo og Ken Lunn deltok i møtet.

Møtestart kl 20.30.

### Sakliste:

#### **Sak 21/2012: Referat saker**

- Referat fra styremøte 15.03.2012
- Radiobjelleprosjektet
  - o FKT-midler og Midler fra organisert beitebruk er innvilget og utbetalt
  - o Økonomisk er prosjektet i henhold til budsjett
  - o 3 møter med fordeling av bjøller er gjennomført og har fungert greit.
  - o Samlet er litt i overkant av 2000 bjøller i drift beitesesongen 2012
- Møte med SNO 04.06.2012
  - o Dialogmøte med ledelsen i SNO og næringa i Oppland
  - o Varslingsrutiner ift fredet rovvilt – SMS varsling til beitelaga
  - o Ønskelig at varsling fra beitebrukere går til rovviltnormalisering
- Rovviltnemnda – møte 24.05
  - o Det var åpent for kommentar i forkant av selv møtet
  - o Strategi for framtidig bruk av FKT-midler var sak
  - o Leder la fram ønske om årlige midler til elektronisk overvåking
- Geitedag i Vågå 06.06.12
  - o Helsetjenesten for geit og kvalitet på geitemelk og hvordan denne påvirker produktkvaliteten var hovedtema.
- Bjørneprosjekt er startet av Øyvind Løkken.
  - o Innsamling av bjørnemøkk
  - o Kurs v/SNO for de beitelaga som skal delta i prosjektet
  - o Bødal Olstad Vest, Bødalkjølen sausankerlag og Svatsum og Espedalen beitelag er med i prosjektet
- Rovviltnemnda vedtok kvoter på betingede fellingstillatelser: 4 ulver, 4 bjørner, 2 gauper og 3 jerv (DN). Bestandstall for i år på gaupe 2012: 5,5 familiegrupper og antatt 4 ynglinger av jerv.

#### **Sak 22/2012: Høringssvar på endringer i erstatningsordninger for husdyr og tamrein.**

Oppland Sau og Geit sendte inn følgende svar på høringssaken:

#### **NSG v/styret**

#### **Høring – Forslag til endringar i erstatningsordningar for husdyr.**

Oppland Sau og Geit har teke opp denne saka i organisasjonen og vil med denne høringa visa til kva vi meiner er viktig for småfenæringa i fylket vårt.

Bakgrunn: Oppland har årvisst om lag 250.000 sau og geit på utmarksbeite. Fylket er svært godt organisert med om lag 95 % av dyra i organisert beitebruk. I 2011 tapte vi 13.059 av sauen vår på utmarksbeite, 8434 dyr vart søkt erstatta som tapt til freda rovvilt og 5029 vart erstatta. Alle kommunane i Oppland fekk erstatta dyr, sjølv om skilnadane i tal dyr jamt over er store. Oppland er organisert som ein region i rovviltnormaliseringa – region 3 og har bestandsmål av jerv, gaupe og kongeørn. Grunna nærleik til yngleområda til bjørn og ulv, har Oppland årvisse betydelege tap til bjørn og meir varierande tap til ulv.

Oppland Sau og Geit vil presisera at den lovpålagte ordninga der alt tap av dyr forårsaka av freda rovvilt skal og må erstattas. **Ut frå dette vil vi at grunnpilarane i dagens erstatningsordning må vidareførast.** Vi kan ut frå drøftingar og innstillingar til ekspertutvalet og i eiga styre tenkja oss nokre endringar i ordninga og føresetnadane som har vore sett, men dette må ikkje gå utover det vi allereie har oppnådd. Oppland Sau og Geit går i mot ein geografisk differensiert erstatningsmodell. Erstatningsordninga må vera lik både i rovviltprioriterte og beiteprioriterte områder. Oppland er delt i slike soner, men som vist i tala over kan det meste av skader skje over heile fylket. Vi vil heller ikkje ha nokon samblanding av erstatningsordningane, dette må gjelda berre tap av husdyr som følgje av freda rovvilt.

Normaltapsprosenten på besetningsnivå må vidareførast for dei med godkjente normaltapsprosentar og leggjast til rette for å endra for dei som ikkje har slike tal. Det er ingen tvil om at ”normaltapsprosentane” på utmarksbeite på 1,5% sau/3 % lam i fjell og 2 % sau /4 % lam i skog er sett altfor høg. Vi krev ny gjennomgang av «normaltapsprosenten», slik at ingen sauehaldarar vert pålagt eit «normaltap» utover det faktiske for besetningen.

Vi vil føreslå ein enklare og nettbasert erstatningssøknad for besetningar med tap til freda rovvilt, som vil letta sakshandsaminga hos FM, men da må ymse føresetnadar gjelda:

- a) Besetningen har eller får utrekna ein normaltapsprosent basert på historiske tal frå eige besetning i organisert beitebruk eller frå middeltal til besetningar i same beitelaget.
- b) SNO vert varsla ved alle skadetilfelle og fortset med dokumentasjonen til gagn både for beitebrukar og rovviltnormalisering.
- c) Beitebrukar dokumenterer buskapen sin ved medlemskap i sauekontrollen og medlemskap i organisert beitebruk (her må òg enkeltbesetningar som i dag t.d. beitar i inngjerda kulturbeite kunne få verta medlemmar i eit beitlag).
- d) Spesifikke krav som må dokumenteras er id.nr. på alle sleppte, id.nr. på alle tapte dyr - inkl. omsøkte tapte til freda rovvilt og oversikt over livdyrsalg og slakteoppgjør. Det bør vektleggast positivt at besetningen har vekt på at alle sleppte dyr og fylgjer reglar for tilleggsmerking i beielaget/område, som f.eks slips på søyene med farge etter tal lam.

Andre som søker, som ikkje oppfyllar desse kriteria, kan risikere lågare erstatning. Sør-Fron 10/06 2012, for styret i OSG/Pål Kjorstad.

### **Sak 23/2012: Info fra værring 41/avlsutvalget**

- Sak vedrørende brudd på smittevernregler fastsatt av Mattilsynet
- Værring 41 har fått henvendelse fra avlssjefen vedrørende avlsbuskap som har tatt inn dyr fra annen besetning inn i buskapen.
- Mattilsynet har avslørt forholdet ved rutineinspeksjon.
- Saken er under utredning og må løses i samarbeid med avlsrådet i NSG og Mattilsynet.

**Sak 24/2012: Andre saker**

- Dato for felles styremøte med Nortura og Hedmark Sau og Geit. Nortura er fastsatt til **torsdag 23. august 2012.**